Vestmannen

Nr. 8 Bergen, 20. oktober 1995 11. årgang

Sterke vedtak i Noregs Mållag

*Landsmøtet sa **nei** til målblanding, **ja** til a-infinitiv*

Vestmannen hadde ingen meldar på landsmøtet i Noregs Mållag. Det me hev skrive derifrå byggjer på samtalar med folk som var der og på pressemeldingar. Landsmøtet gjorde sterke vedtak.

NEI til målblandingsparagrafen

Møtelyden på landsmøtet gjorde eit vedtak som mange mållagsfolk hev venta på. Landsmøtet bed Stortinget taka burt siste lekken i punkt b) i paragraf 1 i *Lov om Norsk språkråd* av 18. juni 1971 (samnorskpunktet):

"... følge utviklingen av norsk skriftspråk og talaespråk og på dette grunnlag fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer/og støtte opp om utviklingstendense som på lengre sikt fører målformene sammen".

Vedtaket er eit klårt og avgjerande brot med tilsikta målblanding. Og eit brot med den samnorsklina som ålmennpolitisk vart uppgjevi alt på 60-talet, men som Mållaget lenge tok ei noko uklår stoda til. Les elles innlegget inne i bladet av Eigil Lehmann, som Vestmannen hev lånt ifrå Gula Tidend.

JA til a-nemneform

Etter framlegg frå Frøydis Lehmann, Olaf Almenningen og Ingeborg Mjør gjekk landsmøtet inn for lik bruk av a-nemneform (a-infinitiv) og e-nemneform i gjerningsord frå Mållaget si sida. Landsmøtet gjekk inn for at Mållaget skal arbeida for det same i nærskylde tiltak, som Norske Barneblad, Samlaget og Det Norske Teatret.

A-nemneform kjem frå gamalnorsk og var einerådande i Aasen-målet, og formi er sterkare i målføri stort sétt yver heile landet enn sume hev freista gjera henne til. I luter av Vestlandet er a-nemneform fulltonande i alle hopeheng; på Nordvestlandet kjem den grunnleggjande a-en fram i refleksiv og passiv nemneform og i avleidningar; på Austlandet og i Trøndelag med sokalla kløyvd nemneform, er a-nemnformi levande i visse gjerningsord, og det hev vorte peika på at det knappast er større grunn å normalisera til e enn til a. Endingsburtfall ligg like nær a som e!

Lovnadsrikt landsmøte

I Vestmannen nr. 6 skreiv me at landsmøtet i Noregs Mållag 1995 var positivt. Dette kunde segjast sterkare. Mållagsfolk på grunnplanet yver heile landet hev i stor mun vendt målblandingssynet ryggen. No er dette stadfest av samskipnaden. Det vedtekne framlegget um å gjera Nidaros til namn på Midbyen i Trondheim, tykkjest vél gjenomtenkt. Uppslutnaden um landsnamnet Noreg var ikkje til å mistyda. Og det vart vedtekne utsegner frå Målungdomen um å taka burt sidemålsstilen og skipa jamstelte morsmålsprøvor i nynorsk og bokmål i vidaregåande skule. Skulemålsarbeidet skal få større kraft. Eit landsmøte som gjev framtidslovnader.

NBl-bøkene komne

Siste 1995-bøkene frå Norsk Bokreidingslag er komne nett i desse dagar - av Ivar Aasen, Severin Eskeland, Halldor O. Opedal og Jostein Krokvik.

Kjøp NBl-bøker til jol! Sjå lysing s. 15!

I dette bladet:

Sterke vedtak i Noregs Mållag	1
NBl-bøkene komne	1
Ordtøkjet	1
1938-bibelen på data	2
Heider til Ellen Jensen frå Danmark	2
Million til Dag og Tid	2
Tilskot frå Øpstads nynorskfond	2
J.Kr.:Aasenrørsla og Noregs Mållag	3
Vestmannalaget	3
Gåvor til Vestmannen	3
Voss Mållag styd VM	3
Sagt	4
Ludv. Jerdal: Wilhelm Haaland	4
Halldis Moren Vesaas	4
L.B.Marøy: Innføringsbok i reklame	5
Ordet bladbunad	5
Eigil Lehmann: Nei til samnorsk	5
Gudmund Harildstad: Norsk Ordbok	5
Telefonen	5
Bøker frå NBl umtala i Sverike	5
Vellukka nynorske festspel	6
Jostein Krokvik: Johannes Farestveit	6
Ludv. Jerdal: Ingvald Langemyr	7
Arne Horge: Sagbruk i Estland	7
Målmeldingar	7
Ólafur Jóhann Ólafsson ved Johannes Gjerdåker: Skilnad i natta	8
Ludv. Jerdal: Lauritz Wiborg	9
Skriftet Asram	9
Ludv.Jerdal: Anna Elisabeth Westerlund og leivningane etter Sunniva	10
L.B.Marøy: Berre eitt folkemål	11
Toralv Bergwitz: Tele-guten	12
Kvensk/finsk blad	13
Olav H.Hauge/Carl Sandburg: Dikt	14
Nikollaus Gjelsvik: Folkerøysting og kabinettspursmål	14
Årsmøte i Aasen-sambandet og VM	14
Gardm d.y.: Sop for eigi dør	15
NMU skipar driftsfond	16
NM tek farvel med samnorsk	16
Sluttordet	16

Ordtøkjet

Ein liten gneiste kann gjera ein stor eld.

Etter Ivar Aasen

1938-bibelen på data

Sigve Bø som steller med datafirmaet SigveSaker fortel at han hev planar um å skriva inn 1938-bibelen til Det Norske Bibelselskap på data, slik at 1938-tekstene skal kunna leverast som tilleggstekst til DataBibelen-GodSpeed.
Dette for at nynorskbibelen skal koma på lina med bokmålsbibelen frå 1930 som alt finst på data og som kann leverast som tilleggstekst.

Den nynorske 1938-bibelen vert ofte kalla Indrebø-bibelen. Ragnvald Indrebø stod for hovudarbeidet med bibelteksti, med professor Gustav Indrebø til norskrådgjevar. Målet i denne Bibelen er som i Nynorsk Salmebok, og det er dette målet som gjerne vert kalla klassisk nynorsk eller høgnorsk, og som vert framdrege til grunnmynster for nynorsken.

Sigve Bø fortel at det ikkje hev vore so lett å finna folk til å skriva inn den nynorske bibelteksti. Folk med datautstyr som kann tenkja seg å vera med, vert bedne um å melda seg til:
SigveSaker, Storgata 36, 4010 Stavanger. Telefon 51 52 50 55. Faks: 51 52 50 56.

* * *

Det er eit verdfullt og sers viktugt prosjekt Sigve Bø og SigveSaker hev teke seg i ferd med, og Vestmannen uppmodar sterkt lesarar som hev høve til det um å melda seg!

Tilskot frå Øpstads nynorskfond

Frå Dr. Kari Øpstads Nynorskfond hev Vestmannen fenge eit tilskot for 1995 på 4000 kronor. Bladet hev òg tidlegare fenge tilskot frå dette fondet som vart skipa av dr. Kari Johanne Øpstad til framhjelp for tiltak som arbeider for Aasen-målet og i-formene. Det er Overformynderiet i Fusa som steller med fondet, og Vestmannen takkar for tilskotet og den godkjenningi av arbeidet vårt som ligg i utetlingi. Hjartans takk!

Vestmannalaget heidra

Ellen Jensen frå Danmark

Ellen Jensen

Ei hending som syner at Vestmannalaget ogso ser ut yver landegrensa vart lagsfolki med på i eit møte på Bryggens Museum fyrre kvelden. Ei dansk dama, Ellen Jensen i Aarhus, som var komi til møtet av di ho vilde sjå Bergen att og helsa på folk ho kjenner her, vart utnemnd til heiderslagsmann i Noregs eldste mållag.

Høgtidi kom eit stykke ut i møteprogrammet, og formannen Leidulv Hundvin bar fram eit fint teikna Heidersbrev, med teikning av Håkonshallen og Rosenkrantztårnet, og med ei tekst som takka den danske gjesten for dyrking av kulturelle hugmål og for truskap i dansknorsk venskap. Han nemnde at Vestmannalaget fyrr hev havt tvo heiderslagsmenn i Danmark: Jens Marinus Jensen og Jørgen Bukdahl, ein på Færøyane, kongsbonden Joannes Patursson, og tvo islendingar, Torsteinn T. Viglundsson og Sira Eirikur J. Eiriksson. Ellen Jensen kjem dermed i ei ageleg rekkja, saman med dei 7 nordmenn som hev fenge same heideren.

Ellen Jensen takka i velvalde ord for æra som var synt henne, ei æra som kom heilt uventa. Ein Grundtvigsalme og "Der er et yndigt Land" var millom songane på møtet.

Framfyre denne høgtidelege utnemningi heldt formannen minnetale um Anna Elisabeth Westerlund som høyrde til Vestmannalagets gode vener, og um diktaren Halldis Moren Vesaas. Og Ludvig Jerdal tala um dei tvo tidlegare danske heiderslagsmenn, folketalarane og forfattarane Jens Marinus Jensen og Jørgen Bukdahl. Han fortalde um eit møte med dei i Noreg og i Danmark. Millom desse attersyner var òg eit radioupptak med Jørgen Bukdahl i heimen hans på Bjerget i Askov.

Gunnar Gilberg hadde det handskrivne bladet, og Eigil Lehmann las eigne dikt som var forma som ei hylling til den nye heiderslagsmannen i Vestmannalaget.

Ludv. Jerdal

Millionen til Dag og Tid

Disponent Arne-Ivar Kjerland i Dag og Tid fortel til Vestmannen då nr. 8 skal av beddingen, at aksjeteikningi til Dag og Tid var heilt og fullt velluka. Aksjeutvidingi hev gjenge fyre seg i tidi 30/3-30/9 i år, og toppsum for utvidingi var sett til ein halv million kronor. Men sidan aksjane skulde innløysast til 100% yverpris, er den røynlege summen til Dag og Tid på ein million.

Arne-Ivar Kjerland fortel at aksjesalet gjekk for fullt til aller siste teikningsdag, då dei runda toppsummen. Kjerland hev sjølv teikna seg for ein stor aksjesum i tiltaket, og han hev teke store personlege vågnader for Dag og Tid. No dreg han anden i lette. Um det enno stend att å få vedvarande jamvekt i drifti, hev Dag og Tid no ein etter måten god pengemidel i ryggen. Godt gjort!

Severin Eskeland: **Framandordbok**

Severin Eskelands framandordbok kom ut i 1919, og er den einaste framandordboki på nynorsk! Boki ligg fyre i eit lite upplag i fotografisk avprent, innbundi. *Vestmannen* hev eit avgrensa tal på lager og sel boki gjenom posten *portofritt for kr 115,-*.
Skriv eller ring til **Vestmannen, 6143 Fiskåbygd**
Telefon 70021429.

Vestmannen

Vestmannen kjem med 10 nummer i året
Bladpengar kr. 150,- for året
Studentpris kr. 100,-

Kan tingast på poststader og frå Vestmannen, 6143 Fiskåbygd

Postgiro: 0802 4 25 63 92
Bankgiro: 8401.21.43027

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen
Telefon 55 31 79 29 /55 16 37 32

Bladstyrar:
Jostein Krokvik
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 02 14 29

Rekneskapsførar:
Helge Liland
Midgeilen 16
5067 Store Milde
Telefon 55 99 15 25

Prenta hjå:
Nytrykk
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 0 2 13 07

Tilskrift for all post: Vestmannen, 6143 Fiskåbygd

Aasenrørsla og Noregs Mållag

På grunnplanet hev lagsflokken i Noregs Mållag med aukande fart vore på glideveg burt frå samnorsktenkjing og tilliggjande tilsikta målblanding lenge. Ja, heilt frå 60-talet. Serleg på styringsplanet hev det hange att; samnorskinnfiltrasjonen hev vore for sterk.

Landsmøtet 1995 gjorde viktuge vedtak som avgjerande måte snur på denne stoda. For fyrste gong hev det høgste organet i Noregs Mållag sagt klårt nei til målblandingslina og bede Stortinget taka samnorskpunktet ut or lovi um Norsk språkråd. Og Noregs Mållag slær eit slag for a-nemneformi både i eigne rekkjor og i nærskylde tiltak. Det er eit vern um vårt eige ervegods. I prinsippet vil Mållaget no endeleg atter ha eit ord med i spursmålet um korleis skriftmålet skal vera. Utsegnene um Noreg, Nidaros-namnet og jamstelte prøvor i nynorsk og bokmål i den vidaregåande skulen, kann sameleis Aasenrørsla skriva under på.

Dette, og sumt anna, tyder på at stoda millom Aasenrørsla og Noregs Mållag er i ferd med å koma inn i eit anna lægje. Me vil fyrebels ordleggja oss varsamt. Men med landsmøtevedtaki frå 1995 i tanke, synest det vera grunnlag for samarbeid millom dei tvo målreisingsgreinene i grunnleggjande spursmål. Det er likevel ikkje til å koma ifrå at målideologien ikkje allstad er like klår, og det finst nok framleis einskilde med målblandingsihug, same um slik ihug snart hev blanda målet noko nær til gravkanten.

Då Vestmannalaget gjekk ut or Noregs Mållag i 1962 og Ivar Aasen-sambandet sidan vart skipa i 1965, var det strid, til tider uforsonleg, millom flankane i målrørsla både um det offisielle målet og um grunntankane um målet. "Vestlandsmål" var vedvarande nytta av sume til skjelsord, utan smålege umsyn til at det var nett på Vestlandet målet og målreisingi stod sterkast! Utan Vestlandet, Midlandet og målet der var målstrevet daudt, det er sanningi!. På 60-talet var det sakleg grunnlag for kløyving.

I dag ligg det nær å segja at grunnlaget er burte, eller i minsto åt å verta burte. Då er det verdt å hugsa at den tvikløyvde målrørsla hev vore ein røyndom i 30 år. Um det i dag knappeleg hadde vore grunn til å kløyva ei ukløyvd målrørsla, er ikkje dette det same som at Aasenrørsla og Noregs Mållag bør slå seg organisatorisk saman i 1995.

Organisatorisk uppsmuldring er ein ting, uppløysing i den leidi kann drivast for langt. Men me meiner at innanfor rimelege grensor er mangfelde i lengdi styrkjande og framgangsfremjande. I mål og målstrev. I målrørsla som i andre rørslor er einsretting, totalitarisme og monolitt-tenkjing den største fåren; alle røynslor syner at i kjølvatnet kjem udemokratisk toppstyring, tilstivning, dogmatisering og forsteining. Dømi i so måte er legio.

Ein annan ting er at Aasenrørsla hev funne eller held på å finna eigne seruppgåvor innanfor målrørsla, som vilde verta skadelidande ved ei ihopslåing. Som måldyrking, atterreising av i-målet og norrønt samdrætte.

Soleis er det mange og tunge grunnar som stadfester at det er gagnleg å halda uppe tvo nærskylde lag. Slik det til dømes er tvo lag i jordbruket. Dei styrkjer kvarandre og kann vera til innbyrdes kveik. Men me ser gjerne at målfolk er med båe stader, og slik stoda synest verta no, er det grunnlag for hopehald og samarbeid. **J.Kr.**

VESTMANNALAGET

Møti vert på *Bryggens Museum*, frårekna jolesamkoma då me samlast i gildehalli til Kreditkassen. Bladet Tuftekallen kjem på alle møti. *Møtertid kl. 19.*
Torsdag 19. oktober. Redaktør Kjartan Rødland talar um "Presseskikk og folkeskikk".
Torsdag 16. november. Journalist Albert Henrik Mohn vil tala um Midaustlandi.
Torsdag 14. desember. Jolemøte med middag i gildehalli til Kreditkassen, Allehelgensgate 2 (tidlegare Rådstuplass). Domprost Halfdan Tschudi Bondevik vert med oss og talar um Kyrkja i Noreg 1000 år.
På grunn av bordseta er det påmelding fyreåt til dette møtet. Du melder deg på lagsmøtet i november, eller i telefon 55163732 seinast måndag 11. desember.
Torsdag 16. januar 1996 vert fyrste møtet etter årsskiftet.
Nye lagsfolk kann skriva seg inn på samkomone. Årspengane er framleis berre 100 kronor!
Stjorni vonar på ein talrik flokk på kvart møte. Vel møtt!

Gåvor til Vestmannen

Trond Sæbø, Oslo, 100. Ellen Jensen, Aarhus, Danmark, 1000.
I alt kvittera for kr 1100,- i dette nummeret.
Hjartelag takk!
Vestmannen

Voss Mållag styd Vestlandske Mållag

Årsmøtet i Voss Mållag styd kritikken frå Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet mot språkleg umskriving og rengjing av nynorske grunntekster i Norsk Salmebok og lærebøker.

I den klåre og inngåande utsegni dreg årsmøtet fram fleire talande døme, millom anna frå salmen "Fagert er landet", der rimparet *møda-grøda* hev vorte til mødegrøde, og rimparet *urt-burt* hev vorte til det haltande urt-bort.

Utsegni nemner serskilt vern av a-ending i ubundne linne hokynsord og i nemneform av gjerningsord. Vern av læreboknormalen må vika der kravet til rett rim krev noko anna.

Fråsegni frå Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet var prenta i Vestmannen nr. 2/1995, og hev vore innteki i Gula Tidend og Dag og Tid.

Sagt:

Høvelegaste namni

Ne skal koma i hug og ikkje gløyme at sume stortingsmenner meinte norsk og norskdansk var dei mest høvelege namna på dei to skriftmåla i 1929.

Håvard Tangen, Andebu, i bladet EG.

Målodling

Eit stadig meir utbreidd syn på kva "dialekt" er, kan oppsummerast slik: Slik me talar. Til ei kvar tid. Dette synet på kva ein dialekt er, er ikkje berre riv ruskande gale, men òg farleg for nynorsken.

Nynorsken byggjer på, og tek opp i seg, dei norske dialektene. Ikkje bokmålsord som kjem snikande inn i talemålet. Ikkje engelske ord som kjem inn i talemålet. Nynorsken **må** òg byggja på dei norske dialektane - kva er vel elles vitsen med nynorsk? At turre og keisame pedagogar skal verta lukkelege?

Det eg vil fram til, og som i sume krinsar gjev folk gåsehud, er ordet *målodling*. Eller måldyrking. Om nynorsken skal ha rett til liv om 20 år, må me som er målfolk byrja dyrka dialektane våre. Kritisk sjå og høyra på kva for ord me nyttar når me talar. Om me **ikkje** gjer det, kan me etter mi meining berre leggja oss ned og døy. Då har bokmålet vunne - bokmålet kjem då i alle høve til å vinna på sikt.

Remi Moen i bladet EG.

Hovudfyremålet

Hovudfyremålet for målstrævet i Noreg er å få atterreist eit skriftmål på heilt nasjonal grunn. Difor skal me fara varleg og visleg med det skriftmålet me hev som alt er fullnorsk. *Me skal halda nynorsk uppe i ei konsekvent og heilstøypt form, og soleis at me understrikar dei nasjonale grunndragi.* Med det fær nynorsk sterkaste dragingsmakti andsynes norskdansk òg.

Gustav Indrebø i "Norsk og norsk", 1939.

Folket er framtidi

Hand i hand med ein nasjonal argumentasjon er det eit internasjonalt perspektiv. Det er vanskeleg å vera internasjonal utan å ha rot i ein nasjonal kultur. Me treng dei nasjonale kulturane over heile verda som brodd mot imperialisme og undertrykkjing. Målreisinga har gjort folk i Noreg tryggare på seg sjølve, og dermed betre i stand til å møta det internasjonale mangfaldet.

Trond Sæbø, leidar i Norsk Målungdom, i EG.

Ein kulturmann burte - **lagdomar Wilhelm Haaland**

Lagdommar Wilhelm Haaland

Lagdomar Wilhelm Haaland, Bergen, er død. Tidlegare i år fylte han 70 år og kunde sjå attende på eit rikt og verksamt liv. Han var uppvaksen i Bergen, men han hadde ætterøtene sine i gamle Alversund og i Nord-Noreg, og var eigar av slektsgarden på Håland i Alversund. I Bergen budde han i Jahnegården ved Nygårdsparken, i det fine huset der Karoline Bjørnson, fødd Reimers, hadde uppvoksteren sin. Og det huset var pryda med verdfull kunst, på alle veggjer.

Wilhelm Haaland var ein uvanleg allsidig mann. Då han tok juridisk embetseksamen på Universitetet i Oslo, var han til då landsens yngste jurist. Etter stutt tid starta han si eigi advokatforretning på Strandkaien i Bergen, og han førde mange store saker, serleg um eigedomsrett, jordskifte og skyn. Han var ein talekunstnar av dei sjeldsynte, og interessa hans for kunst og for verdfull tradisjon førde til at han måtte taka på seg mange uppdrag. Han hadde ei makelaus evna til å finna praktiske løysingar, og han var gåvmild. Når store uppgåvor trong løysing, so skøytte han til av eigne midlar. Han og broren, den kjende filosofiprofessoren Arild Haaland, løyste mange store uppgåvor saman. Det er dei som skal takkast for at Rolf Stenersens store kunstsamling kom til Bergen, det var dei som fekk Bergens Sparebank ved direktør Kaare Meland til å reisa storbygget ved Festplassen der den kunstgåva fekk rom. I mange år var Wilhelm Haaland ein drivande formann i Bergens Kunstforening, og han var med i mange samanhangar elles. Han var med i Vestmannalaget og i Norrønalaget Bragr, og han hjelpte til då kunstnaren Frida Rusti vilde tryggja kulturhuset Urdi for framtidi.

Politisk stod Wilhelm Haaland langt til vinstre, men han fann sin plass i Arbeidarpartiet, og han var ein veltalande representant for partiet sitt i Bergen bystyre i 8 år. Han var formann i kommunikasjonskomitéen i Bergen i 4 år, og formann i representantskapet for A/S Haukelivegen, statens representant i Studentsamskipnaden, formann i Studentersamfundet i Bergen m.m. Han var lagdomar i Gulating til dess sjukdom sette stengje. Med gleda gav han kunstverk til prydnad, ogso til Norrønahuset i Reykjavik. Og på Kvinesdal kyrkjegard stend Ingebrigt Viks "Gamal kona", det er ei gåva frå Wilhelm Haaland og kona hans, Anne Gullestad, til hennar heimbygds kyrkja.

Ludv. Jerdal

Halldis Moren Vesaas

Halldis Moren Vesaas, fødd i 1907, døydde den 8. september 1995, framimot 87 år gamal.

Ho var dotter til Sven Moren frå Trysil og gift med Tarjei Vesaas. Fyrste boki hennar var diktsamlingi "Harpe og dolk" som kom ut i 1929. Sidan vart det fleire diktsamlingar, og varme, umsut og kjærleik er tema mange hev knytt namnet hennar til. I 1994 kom "Utvalde kjærleiksdikt" som vart noko av ein bestseljar. Ho skreiv ein roman ("Hildegunn" i 1942), og ho hev skrive bøker for born. Ikkje minst kjend hev ho vorte for umsetjingane - teaterstykke, dikt og prosa.

Serskilt forvitnelege er minnebøkene hennar, millom anna um samlivet med Tarjei Vesaas. Halldis Moren Vesaas fekk ei rad prisar for bøkene sine.

Ho fylgde godt med i samfunnsordskiftet, og var livfull og aktiv heilt til det siste, ikkje minst med upplesing. I 1995 var ho festspeldiktar for Dei nynorske festspeli i Ørsta/Volda, men ho rakk ikkje å vera med der. Då Halldis Moren Vesaas no døydde, hadde ho i lang tid vore fyrstedame i norsk diktliv. Ho vart gravlagd i Vinje og staten kosta gravferdi.

Ny innføringsbok i reklameteori

Berit von der Lippe hev skrive ei innføringsbok i reklameteori. Ho umtalar reklamen som eit fenomen i stendig knoppskyting. Det er stødt nye gruppor av ymse slag som nyttar reklamefirma til å marknadsføra alt frå dopapir til politiske uppfatningar.

Von der Lippe skriv fyrst um korleis tilhøvet millom den formidlande teksti og mottakarane kann verka. Ho understrekar at språket ikkje speglar av røyndomen. Språket kann tolkast ulikt utifrå tilknytingi. Ordleggjingar som var kurante i tidlegare tider, kann vera heilt uakseptable i notidi. I tidi etter heimskrigen var ord som var knytte til industrivokster positivt lada. Ord som var knytte til natur hadde nærmast negativ klang. I dag er det umvendt.

Von der Lippe skildrar tilhøvet millom språk og bilæte. Deretter syner ho ei rad døme på korleis kulturen spelar *på* og *utnyttar* fordomar og ventnader. Ho freistar å syna kva for kulturdrag som kann spelast på og kva for kulturdrag som er mindre tenlege utifrå samanheng med rådande kulturelle kodar. Ho gjev serleg mange analysar av framstellingsmåten av kvinna i reklamen.

Von der Lippe analyserar mange tekster og bilæte i boki. Det er tekster og bilæte frå haldnings- og informasjonskampanjar, og det er tekster og bilæte frå nyhendi. Analysen av nyhendi ber preg av at ho vil avsløra falske framstellingar i media, men ei kritisk innvending kann vera på sin plass her. Endå um det kann visa seg at bilæte vert nytta på ein misvisande og beintfram lygnfull måte, kann det likevel henda at dei uppkonstruerte bilæti representerar røyndomen. Det er visstnok ettervist at eit bilæte av ein fugl tilgrisa av olja som rann ut under gulfkrigen, ikkje vart teke i Gulfen, men eit par år tidlegare i samband med ei anna oljeutblåsing. Det er ikkje dermed sagt at ikkje mange fuglar døydde av oljesøl i Gulfen. Eit program på fjernsynet nyleg synte oss nett at det døydde mange fuglar av oljesølet etter gulfkrigen.

Berit von der Lippe hev skrive ei spennande bok. Boki tek fyre seg brennheite nyhende og reklamekampanjar, og det er umogeleg å ikkje verta engasjert av slike mest dagnære ovringar.

Lars Bjarne Marøy

Bladbunad

Den nye styraren i bladet Valdres vil skifta ut ordet "layout" med det norske *bladbunad*. Det er eit godt skifte, og ein lesar, bokmålsskrivande Johan Hammond Rosbach, hev vore ute og rosa bladstyaren og ordvalet hans.

Dette fortel diktaren Jul Haganæs i eit brev til Vestmannen. Han mislikar med rette dårleg målbruk i nynorsk avismål, som bruk av "håp" for det fine ordet ordet "von", og jamvel det tunge "forhåpentlegvis" for det lette "vonleg". Dømi er mange på slik utvatning.

Ordet bunad hev lange røter hjå oss; det lydde like eins på gamalnorsk (*bunðr*), og det gjer seg godt i mange hopeheng, som bokbunad, husbunad, ferdabunad, (klede)bunad og det nemnde bladbunad.



Eit sernamn

Ein lesar som fylgjer med i hende på målfronten kjem inn på vedtaket på NM-landsmøtet med krav um like mykje a-infinitiv som e-infinitiv i NM og nærskylde samskipnader - som Samlaget, Det Norske Teatret og Norsk Barneblad. Lesaren minner um at namnet på tiltaket Norsk Barneblad er ***Samyrkelaget Norsk Barneblad****, dette er fastslege i avtalen med Andreas Haavoll. Men no ei tid er det likt til at utgjevaren ikkje kjenner sitt eige firmanamn. Det hev lenge heitt "samvirkelaget" i bladet. Er* ***Samyrkelaget*** *for sermerkt norsk? I alle høve er det eit sernamn, segjer lesaren som vil vera namnlaus.*

Bøker frå Norsk Bokreidingslag umtala i Sverike

I det svenske fagtskriftet *Arkiv för Nordisk filologi* 1994, Lund, er tvo bøker frå Norsk Bokreidingslag umtala. Det er Inger Indrebø Eidissen: *Gustav Indrebø ei livsskildring*, og Jostein Krokvik: *Ny Hungrvekja og Jan Prahl.*

NEI til samnorsk

Dette stykket av Eigil Lehmann stod i Gula Tidend den 9. september 1995:

Landsmøtet i Noregs Mållag 1995 bed Stortinget fjerna siste lekken i punkt b) paragraf 1 i Lov om Norsk språkråd av 18. juni 1971:

". . . følge utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk og på dette grunnlag fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer/og støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen".

Dette framlegget vart vedteke. Langt på veg er dette takk og farvel til samnorsklina. I so måte var det noko av ein revolusjon i Noregs Mållag.

Eigil Lehmann

Norsk Ordbok

I Vestmannen nr. 4/1995 skreiv Andreas Bjørkum om Norsk Ordbok. Eg vil koma med ei presisering når det gjeld utgjevingsåret, for det rette er at bandet kom i 1978.

No nyleg kom altså band III av Norsk Ordbok. Samstundes vart det utgjeve ei brukarrettleiing.

I juni neste år er det meininga at fyrste hefte av band IV skal vera ferdig. Det er fem hefte i kvart band. Målet er at det skal koma eitt hefte i året.

Ved å venda seg til Det Norske Samlaget (Boks 4672 Sofienberg, 0506 Oslo) kan ein verta subskribent på hefte eller band av Norsk Ordbok. Vi målvener bør ha dette store nynorske ordboksverket i bokhylla vår.

Gudmund Harildstad

Høgnorskringen

Høgnorskringen er ein ring av korresponderande lagslemer som ynskjer å styrkja det nynorske skriftmålet i sitt "beste lag" (Aasen). I sjølve namnet ligg eit program. Me er med i Ivar Aasen-sambandet.

Årspengar
kr 50,-.

Skriv til: **Høgnorskringen**
v/Vestmannen
6143 Fiskåbygd

Vellukka nynorske festspel i Ørsta/Volda

Dei nynorske festspeli i Ørsta/Volda 1995 fekk ei leid og noko syrgjeleg upptakt med di Halldis Moren Vesaas døydde stutt tid fyrr festspeli skulde opna. Ho var tiltenkt ein viktug plass på festspeli.

Etter pressemeldingar og umtalar hev tilskiparane like fullt grunn til å vera nøgde. Det segjer leidaren Terje Kjøde i eit ihopslag etter tilskipingane.

Programmi var rike og mangsidelege heilt frå opningi i Ørstahallen med Annbjørg Lien, Herbjørn Sørebø, Are Kalvø, Arill Riise og Gunvor Hals.

Her var sterke song- og musikkinnslag, millom anna i kyrkjone i Ørsta og Volda, med Helga Botn, Den Norske Mannsoktett, Ålesund Kammerkor, Øystein Fevang og Tore Erik Moen.

Det var sogevandring ved Jostein Nærbøvik, og på Ivar Aasen-stemna sundag 17/9 var millom andre Erik Bye, Ragnhild Sæltun Fjørtoft, debutforfattaren Anne Bjørkedal, Sunnmøre Spelemannslag, Åmdal Trekkspelklubb og Hornindals-kvedarane.

Borni fekk sitt, og det var program i skulane. Det Norske Teatret og Sogn og Fjordane Teater hadde gode innslag slik som i fjor. Lars Klevestrand hadde konsert, og forvitneleg var eit afrikansk-norsk korseminar ved Ragnar Rasmussen, Kouame Séréba og Chicu Ali.

Haugtussa-programmet til Herborg Kråkevik var i Ørsta kyrkja. Uppstyret um dette programmet på fyrehand vekte nok forvitna. Kyrkja var full og framføringi hev fenge mange lovord etterpå.

Det var fleire seminar, og serskilt var seminaret på Høgskulen i Volda um Ivar Aasen og sunnmørsmålet påansa. Terje Aarset som leidde seminaret, slær fast at det er grunn til å vera nøgd. Professor Ulvestad, sunnmøring frå Syvde, og professor Jarle Bondevik hadde fyredrag.

På avslutningshøgtidi fekk Jens Kåre Engeset, ein av fyregangsmennene, heider, Svein M. Kile kåserte, og Rein Korshamn, Bård Dahle, Tone Juve, Ruth Oline Lødemel og Stein Helge Solstad hadde fine framføringar av song og musikk. Kring 2000 menneske var innum festspeli 1995, vert det upplyst.

Johannes Farestveit



I Farestveit si tid i Norsk Barneblad blømde forlagsverksemdi.

Den 16. september 1995 døydde Johannes Farestveit, tidlegare bladstyar i Norsk Barneblad og ein trygg språkleg ankermann i nynorsk skriftliv. Han var fødd i 1923, og han vart soleis ingen gamal mann, berre 72 år.

Johannes Farestveit kom frå Modalen i Nordhordland, og han hadde lærarutdaning på Stord. Han nemnde ofte med vyrdnad rektor der, Severin Eskeland. Farestveit kom til Norsk Barneblad i 1956, medan Andreas Haavoll enno dreiv forlaget, og Haavoll vart den gode læremeisteren både i framifrå barnebladsdrift, forlagsdrift og ikkje minst i målvegen. Haavoll var i Norsk Barneblad heilt frå 1912, og frå hans tid vart bladet rekna for eit språkleg mynster, tilrådt for elevane av talrike nynorsklærarar. Og bladet var dessutan slik at det fall i smak millom dei unge; det er ikkje fåe som hugsar feststundi når bladet kom! Farestveit førde den fine arven frå Haavoll vidare, og han bygde ut det makelause umdømet til bladet, millom born som millom vaksne.

Haavoll var Aasen-mann, og då han let Norsk Barneblad yver til samyrkelaget skipa av Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Norsk Måldyrkingslag og Bondeungdomslaget i Oslo, sette han det vilkåret i lovene (§ 2) at bladet og alt det gav ut ikkje skulde gå lenger "i unorsk målblanding" enn til hovudformene i læreboknormalen. Dette var eit minste sams multiplum som Farestveit fylgde samvitsfullt; difor heldt tiltaket indre målstrid ute, og plassen i skulen stod trygt. I serhøvi med valfrie lærebokformer, heldt Farestveit i regelen på den eldste og best innarbeidde målformi.

Johannes Farestveit var ein maurtrottug mann. Han samarbeidde med teiknaren Solveig Muren Sanden og gjorde teikneseriehefti "Smørbukk" og "Tuss og Troll" til lysande bestseljarar som gav rike yverskot. Og han var ein sers dugande umsetjar med det beste ord på seg, ogso i offentlege krinsar som rådde yver midlar til barnelesnad. Eg veit ikkje kor mange bøker han sette um, men talet er stort. Farestveit hadde lag til å vinna tillit millom medarbeidarar og forfattarar, og han bygde med dugleik ut forlagsdrifti, med umsette bøker og dertil etter kvart med original nynorsk barnebokutgjeving. Slik namnet Farestveit vart ein kvalitetsstempel på umsetjingar, vart Norsk Barneblads Forlag ein kvalitetsstempel på bøker for unge.

Farestveit kom til å slutta i bladstyrartenesta alt i 1979, men han heldt trufast fram arbeidet for bladet. Han vart til rettleiding og studnad for dei bladstyrarane som seinare kom, og han sa aldri nei på spursmål um hjelp. Han rådde med det meste - konsulentarbeid, skriving, umsetjing og kryssordlaging - ja, i kryssordlaging var han ein meister.

I Farestveit si bladstyrartid flytta Norsk Barneblad til Larvik. Um Larvik rett nok ligg i fylket Vestfold der bokmålet er mykje dominerande, vart ikkje dette til meins. Blad og forlag hadde ei blømingstid her. Farestveit fekk mange prisar, soleis fekk han den fyrste teikneserieprisen i lag med Solveig Muren Sanden. Han fekk Nynorsk barnebokpris, og so den prestisjetunge Bastianprisen for umsetjingane sine.

Farestveit og kona hans fekk tvo søner. Dei skapa seg ein triveleg heim i Larvik, med ein dåm av vensemd og gjestfridom. Då eg kom til Larvik i 1980, var eg rett ofte heime hjå dei, og Farestveit hadde alltid logne og gode råd når det trongst. Eg høyrer til alle dei som skuldar takk til den hjelpsame og romslege Johannes Farestveit. I arbeidet hans låg det alltid ein god slump offerviljug idealisme.

Jostein Krokvik

Stort sagbruk i Estland

No i juli 1995 tok eit nytt sagbruk til å svive i den vesle byen Imavere som ligg på lag midt i Estland. Det er største sagbruket i Estland, og det vil årleg skjera 100 000 kubikkmeter timber til plankar og bord. Dersom sagi vert drivi med tvo skift, kan den skorne timbermengdi aukast til 160 000 kubikkmeter.

Heile tiltaket kostar 80 millionar estiske kronor (46 millionar norske), og det var meiningi at estiske pengar åleine skulde reise sagi. Men pengane nådde ikkje til hjå dei heimlege skogbrukarane, og ein fjordedel av lutane vart selde i utlandet, til kjøparar i Sveits, Danmark og Finland.

Alt sagutstyret er nytt og av beste slag, 90% er kjøpt i Finland og resten i Sverike. Byggjingi av sagbruket tok estiske selskap seg av.

Sagbruket er den fyrste og einaste industriverksemdi i denne delen av Estland der landbruk er hovudnæringi. Verksemdi gjev arbeid åt 35 menneskje. Meir enn halvparten av skurlasti vil gå til utførsle. - Det er den daglege leidaren ved sagbruket, Margus Kohava, som fortel dette til estisk presse.

Til samanlikning kan eg nemne at av dei norske sagbruki skjer Soknabruket, som er størst, kring 300 000 kubikkmeter for året, og Mjøsbruket på Biri um lag same mengdi som sagi i Imavere.

Arne Horge

Nelaug held fast på målet

"Nytt om nynorsk" frå Noregs Mållag fortel at heradsstyret i Åmli med 21 mot 7 røyster hev vedteke å halda fast på nynorsk upplæringsmål i Nelaug skule. I skulemålsrøysting 29. mai var det heilt jamt, med ei røyst meir for bokmål enn for nynorsk. Skulestyre og formannskap gjorde vedtak um nynorsk, og dette vart anka til heradsstyret som no heldt på nynorsk med knusande yvervekt.

Målframgang på Gol

Ei tid var det so at dei fleste skuleelevane i Gol valde bokmål. Dette hev snudd siste åri, og i 1995 vert det ingi bokmålsklassa. Innflyttarane òg gjeng frå bokmål til nynorsk, segjer skulesjef Harald Sundsøy etter "Nytt om nynorsk"

70 år - Ingvald Langemyr

Journalisten og forfattaren Ingvald Langemyr, Grendi, fylte 70 år 11. oktober.

Han er fødd i Bø i Telemark, men han hadde uppvekståri sine i Kvinesdal. Huslyden budde der i mange år, og det var anleggsarbeidet på Sørlandsbana som førde deim dit. Dei budde i Austredalen, og Ingvald Langemyr gjekk på Moi og Gjemlestad skule, den som no heiter Austredalen skule. All sin dag hev han vore takksam mot lærarane sine, Inger Fjeld Dugan og Alfred Ro. Dei var gode målfolk, og dei lærde meg god norsk, segjer 70-åringen.

For Ingvald Langemyr synte tidleg hug og evnor til å skriva. Han las alt han kom yver, og han skreiv sjølv. I Kvinesdal-tidi si var han i fire år korrespondent eller bygdemeldar til Flekkefjordsposten i Flekkefjord. Seinare var han journalistvikar i Agder Tidend i Kristiansand. Han skreiv dikt i sume blad, og han hev gjeve ut diktsamlingar. Eit par andre bøker er òg komne: "Eit hus i stova", og barneboki "Hjå oss". I lyd og lag er han ein umtykt upplesar.

Han flutte til Setesdal for mange år sidan, og han hev sidan budd i Grendi. At han brukar norsk mål på god måte er stadfesta av Bygland Mållag, som i 1994 gav den årvisse Målprisen sin til Ingvald Langemyr. Prisen er ein kunstnarleg utskoren bolle i tre.

Ingvald Langemyr hev takksame vener i ymse bygder på Agder, og me helsar honom til lukka med dei 70 år.

Ludv. Jerdal

Sauda ny målkommune

Etter eit målordskifte i heradsstyret hev Sauda no vorte nynorskkommune. Roy Eriksen (SV) reiste saki, og ordføraren var samd i at statsorgan skal senda sakspapir på nynorsk til Sauda. Talet på nynorskherad aukar med dette frå 115 til 116.

Gåvetinging Vestmannen

Gjev du Vestmannen til ein ven, fær mottakaren gåva 10 gonger årleg. Årspris er kr 150,-; studentpris kr 100,-. Bladet er åleine i sitt slag i landet og mange tingarar fortel at dei les kvart nummer frå ende til annan. Vestmannen held på høgnorsken og gjer det sermerkt norske målet til hovudsak.

Send utklyppet, eller kopi av det, til Vestmannen, so gjer bladet resten.

Til **Vestmannen**
6143 Fiskåbygd

Gåvetinging til:

Namn og tilskrift på motakar:

.....

.....

.....

Underskrivne betalar:
(Nanm og tilskrift på gjevaren)

.....

Skilnad i natta

Av Ólafur Jóhann Ólafson. Til norsk ved Johannes Gjerdåker

"Skilnad i natta" (Skil að nætúrlagi) er den tridje og siste av novellene etter Ólafur Jóhann Ólafson, som vert prenta i Vestmannen. Dei to andre stod i dei to førre nummera av bladet.

Johannes Gjerdåker

Ho hadde venta på han heile kvelden, og no var det natt og atter byrja å regna. Det hadde regna før om kvelden, men halde opp kort etter midnatt. Då hadde ho opna glaset i soveromet deira og sétt ut i hagen på hi sida av gata og på lyktene i hagen. Det turka fort opp på fortoget utanfor huset, og ho opna glaset på glytt, for det var lydt i vêret, og lufta var klår etter regnet.

Han hadde sagt ifrå om at han måtte vera med i eit kveldsselskap med utanlandske møtedeltakarar, og sidan gå inn på laboratoriet ei lita stund for å sjå etter at alt gjekk som det skulle.

"Aldri råd å lita på desse teknikarane", hadde han sagt, "ein kan aldri vita om dei gløymer å læsa døra etter dei tek kontakten ut av apparata."

Han sa at han skulle vera heime i titida og hadde vore ugod for denne ugreia.

"Det verste er å vera nøydd til å kasta bort tida på dette fordømde pratet og tøvet," hadde han sagt med det same han fór ut døra.

Ho hadde fylgt han ut til bilen, og han kyste henne på kinnet og sa at han ville tenkja på henne og borna heile kvelden. Sidan hadde det gått åtte timar. Ho hadde gjeve borna kveldsmat og lese for dei or ei bok, før enn dei skulle sova. Det var ei kort bok, og bilete på kvar side. Då borna var sovna, sette ho seg ned i stova med strikketyet og lydde på musikk i radio, men la frå seg strikkepinnane om litt og fann noko å gjera på kjøkenet.

Ho hadde vore svært vakker då dei vart kjende, og ho hadde mange tilbedarar.

Rett før klokka ti byrja ho å venda seg mot vindaugo for å sjå etter, om han ikkje kom farande i bilen sin opp til huset. Han var jamt presis, og hadde alltid hatt for vane å tala med henne i telefonen, dersom han vart sein. Men no vart klokka ti, og sidan elleve, utan at han kom eller ringde til henne.

Det byrja å regna, og ho lydde på regnet mot glaset og i lauvet utanfor glaset, medan ho tok på seg nattkjolen. Ho var enno vakker, og ho såg det sjølv, då ho tok av seg kleda i halvmyrkret framfor spegelen i soveromet deira to. Langt borte høyrde ho ein sjukebil og tok straks til å ha ank for at han kunne ha vorte ute for ei ulukke, kanskje i trafikken, eller fått straum i seg av leidningane på laboratoriet. Ho lyfte då telefonen, tvika litt, men ringde til instituttet og nådde til sist fram til ein av teknikarane, som sa at han ikkje hadde sétt noko til mannen hennar heile kvelden.

Borna sov roleg, og ho gjekk inn på soveromet deira og sette seg på sengekanten for å sjå dei sova. Det gjorde henne rolegare òg. Medan ho sat der og såg på dei, kom ho etter at gjenta var meir lik far sin enn henne sjølv, serleg om munnen og augo. Ho hadde aldri lagt merke til det før, men no var ho overtydd om at gjenta var meir lik han, serleg om augo. Guten var derimot heilt av hennar ætt, det var det ingen tvil om. Dei sov roleg med boka open mellom seg.

Ute var alt vorte stilt då ho gjekk ned troppa og sette seg i ein djup stol i stova. Ho tende ikkje lampene, men ljosken frå lyktene langs gata fall inn stoveglaset på bordet attmed stolen og på strikkepinnane som låg der. Ho sat der lenge, og ute slutta det å regna og byrja att utan at ho merka det. Ho såg ikkje på klokka før ho nærma seg eitt, då fór ho opp og la seg i senga.

No har ho lege der ei stund utan blund på augo. Ho ligg i myrkret og ser ljoset frå gata smyga seg inn millom gardinene og falla på veggen mot senga. Ho ser i trea utanfor vindauga, og når vinden blæs, skjelv skuggen av lauvet på veggen. Ute på gata høyrer ho at ei bildør vert smelt i, ho kjenner stega hans, då han går opp troppene framfor utedøra.

Då han opnar utedøra veit ho samstundes kva som har hendt. Ho visste det i grunnen straks han gjekk opp til huset, høyrde det på stega og like eins på korleis han læste opp døra og gjekk inn i huset. Ho har venta seg dette lenge, og no tykkjest ho viss på at det har hendt.

Han går stilt opp troppa, og ho høyrer at han let opp døra til barneromet, ser inn der, og let så døra stå på glytt. Han fer inn på baderomet, og tek sidan varleg i dørhandtaket til soveromet deira for å ikkje vekkja henne. Då han kjem inn i romet, kjenner ho lukta av vin og tobakk. Han går til senga og kysser henne på kinnet, då han vert klår over at ho vaker. Ho synest vita kva som har hendt, og ho ottast at det kan henda om att.

"Tilgjev meg, at eg skulle koma så seint, kjære", seier han lågt, "dette forbaska selskapet ville aldri ta slutt".

Han talar ustanseleg medan han kleder av seg og tek same orda oppatt og oppatt.

"Eg lengta meg i hel heim til dykk tre", seier han og stryk henne på kinnet. "Eg måtte jamen òg halda tale om arbeida mine. Desse tomsingane skjøna ikkje det minste av det eg tala om".

"Eg ringde til instituttet til deg", seier ho, "eg var vorten redd for deg".

"Tilgjev meg, kjære, at eg skulle koma så seint heim; eg kunne ikkje eingong koma i telefonen, så du kunne få vita kva eg var oppteken med. Tilgjev meg, kjære. Du veit kor eg held av deg".

Då han fór heimanfrå om kvelden, hadde han ikkje hatt anna i tankar enn det han sa til kona si; han hadde berre vore tenkt å vera til stades i selskapet utan å lata seg føra med på noko. Gjenta hadde gjeve seg i snakk med han kort etter at han kom inn i salen; og dei hadde sett seg borte ved vindauga og byrja å tala i det endelause om vitskap og kunst. Ho var myrkhærd og høgvaksen og noko lite yngre enn han sjølv. Seinare på kvelden hadde han fylgt henne ut i drosjebil og heim på hotellet, der ho budde, og opp på romet hennar. Og der vart han verande ein del lenger enn han hadde tenkt frå fyrst av.

Det var som å fiska laks. Han hadde stått midt i ute i ei elv, og sola hadde skine på den logne hølen og på kjerret langs elvebarden. Han hadde berre tenkt å kasta ei ørlita stund, om så utruleg skulle henda at laksen beit. Han hadde byrja med makk, men snøgt skifte han om til fluge. Og då laksen nappa henne, hadde han berre vilja trøytta han, men sleppa han med så gjort. Han var snar til å trøytta fisken. Ikkje meir enn ti minuttar, for dette var ingen storlaks. Men då fekk han ikkje til å sleppa han; han laut ha han i handa, laut få han til å ovundra seg, njota han og sin eigen idrott til fullnads.

"Eg vil ikkje ta imot innbyding til slike innhaldslause samkomer meir", seier han til kona si, medan han stig opp i senga til henne og legg seg attmed henne. "Eg sakna deg i heile kveld; dette var no eit simpelt selskap".

Han smiler til henne og tyder seg inn til henne. Han sovnar fort, og ho merkar at vinlukta ikkje er så dauv som før. Det regnar ute, og vinden føykjer rått lauv langs gata. Ho sovnar ikkje, men ser på mannen sin; ho anar kva som har hendt, og ho ottast at det vil henda oppatt. Ottast det meir enn noko anna. Han søv roleg, og andedraget hans er stilt og jamt.

Han drøymer at han står midt ute i ei elv med ei veldig stong i hendene. Elva er breid og logn, og det blenkjer i store laksar i hølane hennar.

Ein kulturinstitusjon

Lauritz Wiborg er burte. Han lærde form og stil hjå skulesturar Salvesen i Farsund, og han skapte kultur i Bergen

Advokat, tidlegare overformyndar i Bergen, Lauritz Wiborg, er død. Han nådde den høge alderen 95 år, og for oss som kjende denne gåverike og sllsidige mannen med dei mange interessor er det som som ein institisjon er gjengen burt.

Lauritz Wiborg var presteson. Han var fødd i Fjære ved Grimstad, og han høyrde til ein uvanleg evnerik syskinflokk på seks. Han og broren Øyvind vart juristar (Øyvind var høgsterettsadvokat i Molde), den tridje broren Christian Fredrik var zoolog og professor i havforsking på Havforskingsinstituttet, Universitetet i Bergen. Og av dei tri systrene vart Cathinka Norløff organist, ho er no 98 år, bur i Oslo og er den einaste attlevande av syskinflokken.

Lauritz Wiborg hadde sine slektsrøter i Bergen. Faren, soknеprest Andreas Wiborg, var fødd i Bergen, og bestefar hans var millom dei som skipa Bergens Skog og Treplantningsselskab i 1868, det selskapet som skulde "klæ Fjeldet". Og på morssida ætta Andreas Wiborg frå den kjende Bjørgvin-bispen Jaccob Neumann som tok imot Ivar Aasen og hjelpte honom i gang med målreisingi. Mor til Andreas var barnebarn av biskop Neumann.

Både Andreas Wiborg og kona hans, som kom ifrå Arendal, merkte seg ut. Dei var prestefolk i Fjære, i Alversund, i Herdla, i Hægebostad i Vest-Agder, og i Dypvåg. Barneflokken deira var sers gåverik, og foreldri gjorde mykje til å auka kunnskapane deira. Musikk og litteratur høyrde til hovudinteressone.

Lauritz Wiborg hadde hellet med seg alt i ung alder. Familien budde i Hægebostad då han 15 år gamal kom på skule i Farsund, fekk bu hjå skulestyrar Salvesen, og familien Salvesen tok den unge mannen med i selskapslivet i Farsund.

Etter artium bar det til Universitetet i Oslo, han vart cand. jur. i 1924 og kom same året til Bergen der han vart domarfullmekt hjå den segnkransa sorenskrivar Tallag Andersen. Lauritz Wiborg vart verande i Bergen.. Han vart kontorsjef på Bergen likningskontor, deretter ei lang årrekkja yverformyndar i Bergen, til han takka av i 1971. Då var han 71 år. Og han heldt fram som advokat like til siste leveåret.

Han var rotaryanar, og han var frimurar av 19. grad. Han sat i styret for det private Mohne-legatet i 70 år. Det er sikkert Noregs-rekord i eit styre! Og for musikken og kulturlivet i Bergen var han ein heil institu-

Lauritz Wiborg

sjon. Det galdt serleg Musikselskabet Harmonien og Edv. Griegs fond, men òg Festspeli. Frå 1951 var han varamann til styret for Harmonien, og i 1961 vart han med i representantskapet. I 1964-70 var han varaaordførar i representantskapet, og frå 1964 og til han bad seg fri attval i 1992 var han formann i styret for Edv. Griegs fond.

I 1985 vart han heidra med Harmoniens heidersteikn. Det vert tiletla fortente musikarar, og kan i heilt spesielle tilfelle ogso gjevast til andre fortente, ikkje-musikarar. Då må vedtaket vera samrøystes, heiter det i vedtektene for Harmonien.

Det var ein kjempeinnsats Lauritz Wiborg gjorde i Griegfondet. Han var òg med i representanstskapet for Tono, og juristen Wiborg gjorde mykje til å tryggja upphavsretten til Griegs verk. I den saki samarbeidde han med advokat Knut Tvedt.

Wiborg var med i rådet for festspeli i Bergen frå det gamle rådet vart skipa i 1972 og til 1989 då rådet vart umskipa.

Og anten han var i festklednad i Rotary eller i losjen eller me møtte honom i mindre ekskluvise samvær, var han alltid den hyggjelege samtalepartnaren, det var nedervd, og det var vidareutvikla av festglade skulestyrar Salvesen i Farsund.

Lauritz Wiborg var velkomen og velsedd alle stader der kulturinteresserte menneske møttest. Han hadde òg funne sin plass i den eksklusive St. Olavs klubb i Bergen, der soknеprest Johannes Gulbranson, kjøpmann Martin Bugge og andre skapte trivelege samvær der me dryfta spursmål som var uppe i tidi og som var av interesse for kyrkjefolk.

No er Lauritz Wiborg burte. Men i minnet hjå dei mange av oss som kjende honom, lever han som den som i unge år vart innført i selskapslivet i Farsund. For han hadde sans for stil og form. Og samstundes var han hjarteleg og varm. Og so hadde han humor. Den humoren hadde nok vore med til å halda det svarte håret hans svart, so langt upp i det som elles nemnest "dei grånande dagar".

Ludv. Jerdal

Skriftet Asram

For ei stund sudan kom 3. nummer 1995 av tidsskriftet Asram, som Trygve Lange gjev ut. Det hev eit mangsideleg innhald, med artiklar som er umsette frå gresk, og eit utdrag av "Den guddomlege komedien" av Dante. Ein kinesisk legende høyrer med i mangfaldet.

Det er nokre innslag på nynorsk. Me fær utdrag frå tekster som Aasmund O. Vinje og segnsamlaren Olav Sande stod bak. Dessutan skriv Trygve Lande ein innleidingsbolk um festspeltalen til Georg Johannessen. I denne innleidingsbolken stend det mangt gagnleg for oss vestmenn. Trygve Lande skriv ein stad: "Bortsett frå pionerane Vinje og Garborg har iallfall nynorskingane helst vore meir eit reseptivt enn eit skapande folkeferd." Eg siterar frå ein annan stad: "Vestlendingar som tok til å interessera seg for den bergenske kulturtradisjonen kunne ikkje unngå å merka seg namna Prahl og Kristofer Janson og namna til andre gjeve vestmenn." Trygve Lande saknar vestnorske innslag i Bergen og vil gjerne ha statuar av Garborg, Kielland, Obstfelder, Sivle, Jakob Sande og Olav Nygard.

Tilskrifti til Asram er: Trygve Lande, Furulund 6, 5050 Nesttun. Bladet kjem med 4 nummer i året, og ei årstinging kostar 80 kronor.Siste nummeret kostar 25 kronor.

Lars Bjarne Marøy

Minne um eit møte med Anna Elisabeth Westerlund:

Beini til St. Sunniva ligg på Bergenhus

Sylvskrinet med beini til St. Sunniva stod på høgaltaret i den storfelde Kristkyrkja på Holmen (Bergenhus), den som vart rivi i 1531 etter påbod frå lensherre Eske Bille. Sylvskrinet vart sendt til Danmark; men kvar vart det av leivningane til den heilage Sunniva?

No når den synske Anna Elisabeth Westerlund er burte, finn eg det naturleg å taka fram ei merkeleg hending som eg var med på i oktober 1982. - Året fyreåt, 1981, hadde Vestmannalaget skipa ei minnemessa i Håkonshallen - 480 år etter at Kristkyrkja vart rivi. Messa var ved biskop dr. theol. Fridtjov Birkeli, og talarar elles var forfattaren Conrad Clausen og generalmajor Ola Litleskare som då var kommandant på Bergenhus.

Og i oktober 1982 fekk Vestmannalaget den synske Anna Elisabeth Westerlund til å koma på eit møte og "syna" oss Kristkyrkja. Det vart eit ugløymande møte med den stillfarande og varsame kvinna. Gjenom åri var ho mange gonger i Bergen, og på Hotel Norge fekk ho alltid det same romet.

"Eg er so forvirra, eg ser tvo kyrkjor!"

Soknepresten Eigil Lehmann tok imot henne på Flesland Flyplass. Og det fyrste ho sa var at "Eg er so forvirra, eg ser tvo kyrkjor på Holmen!" Lehmann kunde minka den uroi. Han svara at det stemmer; der *var* tvo kyrkjor, den store Kristkyrkja og so den mykje mindre.

På møtet fortalde ho oss både um slaget på Fimreite i Sogn og um Kristkyrkja. Kunstmålar Asbjørn Brekke hadde til møtet rissa upp dei tvo kyrkjone og laga teikningar. Og Anna Elisabeth fortalde stilt og varsamt um korleis ho høyrde salmesong, og såg prosesjonar av folk i festdrakter. Eg merkar òg dødskjensla frå gravferder, sa ho. Eg såg ei stor og vyrdeleg kyrkja, bygd av stein som det stod raudglans av, og so ei liti trekyrkja. Det var fyrst då eg kom hit at eg fekk løysingi på den sistnemnde. Eg visste ikkje at det hadde vore tvo kyrkjor der. Kunstmålar Brekke kunde stadfesta at mål på takhøgdi i Håkonshallen er heilt i samsvar med det som Westerlund segjer. Han hadde teke mål. Den raudglinsande steinen må vera henta frå steinbrot på Bømlo i Sunnhordland. Me fekk òg vita at kyrkja hadde 12 altar.

Her tømde dei sylvskrinet, segjer Anna Elisabeth Westerlund og peikar mot hekken som no gror attmed Sunniva-monumentet. Attmed Anna Elisabeth stend Sunniva Hagenlund, byrettsjustituarius August Rathke og Ludvig Jerdal.

"Her tømde dei St. Sunnivas bein."

På møtet kom byrettsjustitiarius August Rathke med eit forvitneleg spursmål. Me veit at lekamen til St. Sunniva låg i sylvskrinet på høgaltaret, og at skrinet vart ført til Danmark; men kvar vart innhaldet - beini til St. Sunniva - av? Kan katolikkar på den tidi ha fenge beini til den nærliggjande Kristkyrkja og jorda dei der? Eller fekk St. Sunniva ei grav på Holmen, i Kristkyrkjetufti eller ein annan stad der?

Soleis spurde August Rathke. Og Anna Elisabeth Westerlund svara: Eg ser tvo menner som held på med sylvskrinet. Dei hev ingen vyrdnad for innhaldet. Dei er berre upptekne av å få sylvskrinet tømt og innhaldet ned i jordi. Ein tridje mann stend eit stykke ifrå og ser til at alt vert gjort. Eg ser nokre steinar no på staden der sylvskrinet vart tømt og innhaldet kom ned i jordi. Eg skal finna staden i morgon dersom de vert med til Holmen, la ho til.

Dagen etter møttest me på Holmen: Anna Elisabeth Westerlund, August Rathke, Sunniva Hagenlund (ho er uppkalla etter St. Sunniva fordi gudmor hennar - Sigrid Undset - ynskte at ho skulde heita etter den heilage kvinna på Selja). Og eg var den fjorde i fylgjet.

Framfyre Sunnivamonumentet på Holmen, og til høgre når ein stend framfyre høgaltaret i Kristkyrkja, peika Anna Elisabeth Westerlund ut staden. Det stend nokre busker der. Her tømde dei sylvskrinet ned i jordi, sa ho.

Det var eit gripande og forunderleg møte, med ei historisk hending, og ei kvinne som *såg*. Eg fekk hug til å taka fram dette minnet frå ei hending i oktober 1982. Til minne um den varsame og fine Anna Elisabeth Westerlund som gjenom eit langt liv hev gjeve svar på mange løynde gåtor. Det var noko ekte, noko hjarteleg yver denne forunderlege synske kvinna som kom ifrå Hamarøy, bygdi som vart heimstaden til diktaren Knut Hamsun.

Ludv. Jerdal

Fådelt målklassa i Oslo

Det var ikkje påmeldt nok fyrsteklassingar til ny nynorsk parallellklassa i på Sagene skule i Oslo i 1995. Noregs Mållag og skulen på Sagene hev søkt byrådet um godkjenning for at 1. og 2. klassa fær gå saman i fådelt klassa, og no hev byrådet godkjent dette.

Fådelt klassa er langt ifrå noko ringare tilbod enn klassor delte etter årssteg; sume meiner tvert um at det er betre.

Nynorsk dagsnytt på TV2

Det kjem fast nynorsk upplesar av dagsnyttmeldingane på TV2. Dette er avtala millom Kringkastingsringen, Noregs Mållag og redaktør Jenssen i TV2. Trude Teige vert fyrste nynorske upplesaren i dagsnyttsendingi.

Berre eitt folkemål

Av Lars Bjarne Marøy, formann i Vestlandske Mållag

Umgrepet folkemål hev vore sterkt umdiskutera i etterkrigstidi. Fyre krigen vart vel *folkemål* stort sétt rekna for nokolunde einstydande med nynorsk hjå svært mange. Me skal ikkje gjeva oss inn på nokon gjenomgang av alle dei uttolkingane som er gjevne av umgrepet. Me skal heller freista å kasta ljos yver kvifor folkemålsumgrepet hev vorte so tilfloka.

I dei fleste delane av landet finst ulike sosiolektar innanfor ein og same dialekt. Mange um ikkje dei fleste bygdemåli hev rett nok ikkje ulike sosiolektiske avbrigde, men dei ligg likevel ofte under for eit press frå nærmaste tettstadmål. Det språklege presset som bymåli og tettstadmåli legg på bygdemåli mange stader, kann vera like vidfemnande som den breide sosiolekten i byane vert utsett for frå den normera sosiolekten.

Målbrytingi millom ymse geolektar og sosiolektar gjer folkemålet til eit samansett og innfløkt umgrep. Det som vert rekna for folkemål skal like fullt helst vera slikt som vik av frå det norskdanske talemålet. Det norskdanske daningsidealet, slik det vert sett upp av leidande krefter i den nynorske ålmenta, vert rekna for ufolkeleg. Alle avvik frå dette idealet med tilknyting til det breide talemålet i kongeriket, er soleis folkemålsformer. Dersom ein nordlending, ein trønder eller ein bergensar som snakka dana talemål i formell samanheng, skulde koma til å nytta folkemålsord som *no, då* eller liknande i vanvare, vil det vera eit folkemålsinnslag, for formene er ikkje i samsvar med det uppsette idealet.

I prinsippet vil alle innslag frå folkemålet vera jamlike. Men målnormeringi som skal representera det norske folkemålet, vil i praksis vera ein slags upphøgd dialekt som gjer språkstoff i målkrinsane til underordna sosiolektar. Former som ikkje er tillatne i lærebøkene og som elevane hev i talemålet sitt, vil verta brennemerkte og få lågare status i formell tilknyting. Ord som *millom, gjeng, fær, stend he(v)*. I sume tilfelle pressar verbformer som *tar, tatt, gir, gitt* seg inn, i utettervend tilknyting, i staden for *tek, teke, gjev, gjeve*.

Dagsens offisielle nynorsk hev ikkje noko klårt og eintydig daningsideal, difor vert former som kann stå sterkt i talemålet på den einskilde staden trengde undan av

Lars Bjarne Marøy

den skriftlege normeringi. I norskdansken er det umvendt; her hev den landsfemnande talemålsnormeringi teke vare på dei klassiske formene. Når ei form i det norskdanske målet hev kome ut or bruk, er det gjerne fordi målbrukarane hev slutta å bruka henne, ikkje fordi læreboknormalen hev vorte endra.

Dersom ein person med ordformer i talemålet som *me, hjå, so, millom* skal tala norskdansk, kjem han ofte til å nytta dei nemnde ordformene vanvares. Bråyvergangen til ei ny måluppfatning og eit nytt talemål vil verka kunstig. Det minner um eit bokmålsmenneske som freistar snakka eit bygdemål eller som freistar å taka upp folkelege former. Det gjeng so lenge ein tek eitt steg i gongen og so lenge ein tek umsyn til dei estetiske motsetnadene som finst millom folkeleg og normalisera talemål. Bokstavrett uttale eller manglande evna til å bruka fonetiske detaljar som rulle-r, tungespiss-r eller skarre-r, kann derimot gjera at heile etterlikningi vert patetisk, og den som skal snakka framandmålet fell attende til sine gamle målvanar.

Bygdefolk som er uppvaksne med det norskrøtte målet, og som seinare vert heilt eller halvt underlagde den norskdanske måluppfatningi, vil koma i indre strid. Bur dei lenge i byen, kann bygdemålsformer som *me, hjå, so, millom* slipast ned til *vi, hos, så, mellom* i sume tilfelle. Det vil verta ein sosial variasjon millom ulke former. Men bygdemålsformene vil sjeldan eller aldri gå heilt ut av bruk.

Riksmålet hev eit innarbeidt talemålsideal for dei som vil bruka det. Riksmålet hev eit formverk som fær verta nytta fylgjerett i skriftmålet rett og slett fordi mange nordmenn ser på den norskdanske måluppfatningi som det einaste uttrykket for dei ovringane som eit nasjonsspråk skal dekkja, og fordi dei målpolitiske styremaktene hev gjeve løyve til at riksmålsformene skal kunna nyttast. Det nynorske daningsidealet fær ikkje ovra seg like fritt av di den samnorskpolitiske måltyningi hev gjort ulovleg fleire levande målføreformer som var og er knytte eit nynorsk talemålsideal.

Kann me atterreisa eit nynorsk måldaningsideal og få nynorske talsmenn til å praktisera eit høgnorsk talemål, då gjev me norskmålsformene ei framdrift. Di fleire norskmålsformer som vert ståande i målet til innflyttarane frå bygdene, di klårare vert den norske måluppfatningi til byfolk. Når bygdefolk knotar av tilnøydsla eller berre av jåleskap, er det fordi dei ikkje hev ei sterk nok evna til å hevja den norsklynde kulturen. Kor ofte er det ikkje slik at den og den frasen som du hev høyrt i ein norskdansk song, eit skodespel eller liknande vert so mektug at du ikkje tør nytta eit anna norsk ordlag i staden. Det skal kraft og utveljingsvilje til for å tileigna seg det norske måldaningsidealet gjenom kulturlivet.

Skal du læra deg det nynorske målet fullt ut, lyt du fyrst lesa og velja ut det beste frå nynorsk skrifttradisjon. Deretter lyt du lesa og eigna til deg alt det som du hev lyst til å lesa, anten det er på norskdansk eller nynorsk. Me lyt gjera nett det same på målsida som riksmålsmennene hev gjort på si. *Me lyt vaksinera oss mot påverknad frå den andre målformi.* Når samnorskvenene er so rause med riksmålssida at dei gjev riksmålssida rett til å bryta med samnorsken, fær dei finna seg i at målfolket òg byrjar å syna ulydnad andsynes styremaktene. Det er i alle fall ikkje målfolket som hev skuldi for at samnorskpolitikken ikkje vann fram.

Det er ingen grunn til at læreboknormalen skal fungera som eit løynt maktspråk som tyner dialektane i kjerneumrådi og elles, og som skapar motsetnader millom dialektane der dei skulde stå samla. Det kann berre finnast eitt folkemål, og det må vera ein generalnemnar for dei norske dialektane. So lenge høgnorsken vert bruka, vil denne målformi vera folkemålet. Dei fleste andre former for nynorsk vil berre ha element av folkemålet i seg. Dei vil liggja ein stad millom det høgnorske folkemålet og dialektane.

Ikkje Tele(mark)-guten

Av Toralv Bergwitz

"Vesle-Kari vår - so liti som ho går - ho lokka ein kar ifrå Hallingdal" - med sale og med hest og med sylvknappa vest, med gullstava hår og med spròtabelte på.

Å TILE-guten visste sitt eigi beste - kaupte seg ei DRÆTT mæ fe og mæ feste ..."

Som me ser - når me ser etter - so er det ein kar ifrå Hallingdal som Vesle-Kari lokkar, og ikkje ein gut ifrå Telemark. Det er òg berre *ein* gut, ikkje tvo gutar, som Vesle-Kari lokkar. Det er *ikkje* både ein kar ifrå Hallingdal og ein gut ifrå Telemark, slik som me tidlegare hev trudd.

I teksten som Landstad hev skrive ned heiter det au TILE-guten - *ikkje* TELE-guten.

Men kva er so TILE-guten?

TILE er eit gamalnorsk ord - skrivi med fyrste bokstaven for den ustemte th-ljoden som finst i engelsk *thilir*. Ordet kann tyda det same som *TELE*. Men det kann au tyde noko anna. *TELE* kann dessutan hava meir enn ei tyding. Og etter som me skynar - når det er tale um berre *ein* gut, og det er ingenting i teksten som tyder på at det er tale um meir enn ein gut - so må ordet tyde noko anna enn TELE i tydingi "guten frå Telemark", for karen er ifrå Hallingdal.

Kva tyder so **TELE**?

Etter Norsk Ordbog av Ivar Aasen kann ordet TELE tyde "is i marki". Medan ei tunn isskorpe på marki heiter "klaki" eller "klak(j)e", so tyder "tele" eit djupare islag i jordi.

Ordet TELE kann òg tyde "skoglaus fjellmark" - "vel egentlig bar grund", segjer Ivar Aasen.

Namnet Thelamòrk er nemnt m.a. i Hirdskrá. Hirdskrá er, som me veit, fyresegner for hirden. Olav Haraldsson "den heilage" skal ha vore den fyrste som gav fyresegner for hirden sin. Reglane vart umarbeidde og umvølte av Olav Kyrre. Kong Sverre var truleg den som utarbeidde den fyrste skrivne hirdskrái. Men den eldste nedskrivne hirdskrái som det er funne fragment av, er frå tidi 1280-1350. Denne hirdskrài skal vera utarbeidd (umarbeidd etter kong Sverres hirdskrá) av Magnus Lagabøte. Det er her me finn namnet **Thelamòrk**.

Me veit difor at namnet Thelamòrk er eit gamalt namn. Me veit òg at Thelamòrk var namnet på den nordvestre luten av det som no heiter Telemark. Den austre luten heitte Grenland (som i dag).

Når me veit at den nordvestre luten av Telemark er eit høgland, so høver tydingi "skoglaus fjellmark" som hònd i handske for landskapet Telemark med Hardingviddi. Den skrinne fjellmarki er elles ikkje serleg plaga av tele i jordi, so det tykkjest tvillaust at namnet Telemark hev sitt upphav i den skoglaluse fjellmarki, og ikkje frå mogleg islag i jordi.

Og um ordet "tele" kann tyda mark med furuskog - som Eivind Vågslid nemner - forutan denne skoglaluse fjellmarki, so er det lite som høver med meir tele - islag i jordi - enn elles i landet.

Men både islaget i jordi og den skoglaluse fjellviddi er i gamalnorsk skrivi "thilir". Det tykkjest difor som um me ikkje er komne nærare løysingi på gåta med **"tile-guten"** som visste sitt eige beste.

Men "Leita so skal du finna", stend det i den store boki.

Me finn fleire ord på TELE.

"Teledròpe" er dròpe (dryping) frå bråna is - is-smelting - frå ei tòka som er dekt med tòrv "foraarsaget ved *"optøen"* efter frost", som gamle Ivar segjer.

Kann hende det er her at "hunden er gravlagd".

Er "TELE-guten" eller "TILE-guten" den guten som er upptødd av Vesle-Kari?

Denne karen frå Hallingdal som er "lokka" av Vesle-Kari, han skyna - eller "visste" - sitt eige beste. Kva hadde Vesle-Kari lokka denne guten til? Jau - millom anna - til å kaupe seg ei "drætt" (ikkje "drift") mæ fe og mæ heste.

Ingen tvil um det, nei.

TILE-guten er guten som er **upptødd**.

Han hev visseleg vore litt kald av seg fyri Kari tødde han upp ved å gjeva honom gode råd um å kaupe seg ei drætt mæ fe og mæ heste.

Det er so at ordet "tile" au kann tyde "golv" - i hus eller i båt (tilje), eller òg "hylle i skåp" - og at ein "tilegut" soleis kann vera ein gut som enno er so liten at han berre kann krabbe på tili. At det soleis her kunde vera ein gut som diktaren av denne skjemtevisa vilde hava gjort so liten som råd, det er ikkje heilt utenkjeleg. Men i det fall er det ikkje lenger berre harmlaus skjemt, men heller ei djupare hæding. Eg vil heller tru på ei tyding med upptøing. Det høver au so mykje betre med forteljingi elles i visa.

"DRÆTT" - "drift"

"DRÆTT" er det upphavlege ordet i visa: "kaupte seg ei "drætt" mæ fe og mæ heste". "Drætt" er vorti til "drift" i visa av i dag. Det er visseleg ikkje so langt undan det same, men heilt det same er det ikkje. Ei drift er ein bøling som er under driving (flytjing) frå ein stad til ein annan stad. Eg trur ikkje at diktaren meinte at det var ein bøling i *drift* at

Til s. 13

mål og makt

* Mål og Makt er tidsskriftet åt Studentmållaget i Oslo
* Mål og Makt er det leiande målteoretiske tidsskriftet i målrørsla
* Mål og Makt kjem med 4 nummer i året og kostar 90,- kr i 1995
* Siste nummer utkome i 1995:
  Arne Vinje: **Økologi, kultur og målsak**
  Johan Einar Bjerkrem: **"Det nasjonale" hos Arne Garborg og Hans E. Kinck**
  Ottar Grepstad: **To ord i hovudet.** (Noreg og Norge)

- ❑ Send meg M&M nr. 3/94 **Terminologi, Talemålsutvikling, Trøndsk målreising**, 25,
- ❑ Send meg M&M nr. 4/94**Språk, identitet, nasjonalitet og EU**, 25.-
- ❑ Send meg M&M nr. 1/95 **Steinar Schøtt 150 år.**, 25.-
- ❑ Send meg M&M nr. 2/95 **Økologi. Garborg og Kinck. Norge?**, 25.-
- ❑ Eg tingar M&M for 90 kr året.

NAMN:_____

ADRESSE:_____

POSTNR:_____ STAD:_____

Send åt: Mål og Makt, Nordahl Bruns gt. 22, 0165 Oslo
Tlf.: 22 36 40 43 Faks: 22 36 40 68

denne guten kaupte seg. Etter det eg hev lært av å studere det gamle tungemålet vårt, so var dei sers nøgne med ordi som dei valde når noko skulde segjast. Ordet "DRÆTT" er heller ikkje det same som "DRIFT". Me stend alltid i fåre for å vende um på meiningane til upphavsmannen når me skal flikke på det som tidlegare er sagt.

Det denne guten kaupte seg, var ein bøling, men bølingen var ikkje i drift i anna tidsrom enn då han vart flutt - flutt heim til der guten budde. Ordet "drift" i denne samanhengen er soleis eit ord som ikkje høver til meiningi.

Kva tyder so ordet "DRÆTT"?

"DRÆTT" er i røyndi samae ordet som "DRÅTT". Dette ordet kann tyde so mangt. M.a. so tyder det noko som er *sanka eller samla saman*. Ordet hev samanheng med *draga*, t.d. draga saman noko. Ivar Aasen nemner m.a. *landtaug i et fiskevòd*. Eit fiskevòd er ei fiskenot. Landtaug må vera det tauet som ein dreg upp noti med.

I visa må meiningi evlaust vera *ein bøling* som er sanka saman. *Ikkje* ein bøling under driving - *ikkje* ei drift.

Men då guten dreiv heim bølingen som han hadde kaupt, då var bølingen i drift, og då var det at Kari gjekk fyri "lullands og lokkands", og *TILEGUTEN* sjav kom etter - og jaga på - i verkeleg godlune for den gode handelen han var "lokka" til å gjera. Difor kom han "diltands" og "hoppands". Og etter som denne karen frå Hallingdal var ein som lika å stasa seg upp - med både *"gullstava hår"* (gullstripe - eller gullband - i håret), med *"sylvknappa vest"* og jamvel med *"spròtabelte"* på, so kjem liksom kruna på verket til slutt med *"på silkesokka"*. *Det* kann berre *TILEGUT og berre, berre han.* Ja, det er det berre Tilegut - og ingen fleire som kann. Difor ei visa um honom!

"SPRÒTABELTE"

Lat meg taka med det underlege ordet "spròtabeltet" med det same.

Me må koma i hug at det som folk i gamal tid nytta til å bitta klædi til kroppen, var ei "livgjure". Dette var ei snor som dei knytte med ein knute. Det må difor - ei tid - ha vore noko sers gjævt og uvanlegt å hava ei "spròtabelte" på seg, elles var det ikkje noko å nemna i ei vise, serleg ikkje i ei skjemtevise.

O-en i "spròta" er ein òpen o, ein ljod som nærmar seg "å" utan å vera ein "å". Ljoden nærmar seg au ein "ø" utan å vera ein "ø". Det tykkjest vera vandskeleg for mange nordmenn å få til denne ljoden som elles er vanleg i mange bygdemål. Men når me lærer engelsk talc, **Då** tykkjest denne ljoden ikkje vera vandskeleg å få til. Då segjer me **Buckingham** med ekte engelsk uttale.

Ein trong o i ordet - spròta- (beltet) kann føre tankjen mot eit ord skrivi med u - "spruta". For som me veit, so vert mange ord i tungemålet vårt med o-uttale skrivne med **u**. Jamfør **kum, ung, lumme, krum, dunk** o. dl., der me alle segjer trong o. Me veit at jamvel ordet "lut" ikkje er stogga ved "lot", men er i dag vorti til "lott" der utalen er nærare "lått" enn "lott" (med trong o).

Um dette ikkje skulde vera yvitydande, so er det i alle høve so at SPRÒTA-belte vart sagt med open o den tidi då ordet var vanleg i talemål her i landet.

Det som det er tale um i visa, er **eit belte med ei spenne i.** Me kjenner godt ordet "beltespenne", men "spennebelte" er meir sjeldhøyrd. Men no når me veit tydingi, so vert det vel råd å få til ein open o i "spròtabelte" òg.

Visa er mykje sungi og leika, so det kunde vore gildt um både meiningi og den rette uttalen kom fram i songjen. Det er alltid gildare å vera med på noko når det tykkjest meining i det ein er med på, enn noko *utan* meining.

Litt målkunnskap kann vel òg koma vél med - slik aven å te? For ikkje å segja - det er vel *det* som er hovudfyremålet med leiken? Det var i alle høve *det* Hulda Garborg meinte med å hente fram att or gløymsla dei gamle visune og knyte dei saman med leiken. At òg Klara Semb var fyllt av dei same tankar og den same eldhug for tunge.nålet vårt, det er ikkje eg i tvil um. Eg kann "smykke" meg med at eg gjekk på skeid for Klara, og vart ein personleg ven med henne. Eg veit difor godt kva som dreiv henne til det ho bruka livet sitt til å gjera.

Måtte berre mange fleire få augo upp for det verdfulle som låg attum det som desse tvo kvendi la so mykje eldhug og kreftir i å få fram.

Kvensk/finsk blad atterkome etter 118 år

I Dag og Tid nr. 41 hev Svein Lund eit innhaldsrikt uppslag um kvenane. Etter tilvand uppskrift er dei innvandra frå Finland, men Terje Aronson, lærar og lærebokskrivar i kvensk, meiner dei i alle høve hev budd i Noreg frå millomalderen. No hev det nett kome ei kvensk/finsk avis, ***Ruijan kaiku****. Det er er 118 år sidan det svar freista med eit slikt blad; det kom eit halvt år i 1877 .*

Terje Aronsen er lærar på Børselv skule på austsida av Persangerfjorden i Finnmark, og han hev skrive dei tvo kvenske lærebøkene som finst. Ved skulen er det 15 elevar som hev kvensk/finsk til andremål (norsk er fyrstemål). Det er skilnad på kvensk og riksfinsk. I kvensk finst det jamvel ein bokstav som dei ikkje hev i riksfinsk, men derimot i samisk. Skriftformi byggjer på det kvenske talemålet, med finsk rettskriving til grunnlag. Departementet er i ferd med å definera burt kvenemålet, men dei set framleis von til Stortinget. 333 elevar i Troms og Finnmark fær finskupplæring.

Bladstyrar i *Ruijan kaiku* er Liisa Koivulehto, fotograf og bladkvinne. Ho hev siste åri stelt med finsksendingane i NRK.

Kvenane er umtala alt av håløygen Ottar på 800-talet, "cwenas". På gamalnorsk var kven-namnet eit hankynsord med "kvenir" i fleirtal.

DAG OG TID
Pilestredet 8
0180 Oslo

Telefon:
22 33 00 97

Telefaks:
22 41 42 10

Verdas einaste riksavis på nynorsk!

Partipolitisk ubunden vekeavis med brei kulturdekking og fingeren i jorda.

Olav H. Hauge (1908-1994)

I 1991 gav Olav H. Hauge ut boki "Frå Rimbaud til Celan" (Samlaget), som innheld umdiktingar frå andre mål. Boki kom med i Bokklubbens Lyrikkvenner.

Diktet me gjev att her, Eit gjerde" er ei umdikting etter den svenskætta amerikanske diktaren **Carl Sandburg** (1878-1967), som hev dikta um livet i det moderne Amerika, frå prærien, langs jarnvegane, frå fabrikkane og storbyane.

Eit gjerde

No er steinhuset mot sjøen ferdig, og arbeidsfolki tek til med gjerdet.
Pålane er jarnstolpar med stålpikar, som kan spita kvar levande sjel som dett nedpå dei.
Set som gjerde er det eit meisterverk, og vil halda burte pakket og alle luffarane og tiggarane og alle ungane som ser etter ein stad å leika.
Gjenom jarnsprinklone og yver stålpikane vil ingen ting utan døden og regnet og morgondagen gå.

Prenta med løyve frå Bodil Cappelen og Det Norske Samlaget

HIV UT BOKMÅLET!

Det er kva Norsk Målungdom (NMU) meiner me skal gjera i dette landet.

Korleis me skal gjera dette kan **DU** lesa om i meldingsbladet åt NMU - *EG*.

EG kjem ut med seks nummer i året, og det kostar berre 120 kroner for ei årstinging. *(Medlemer i NMU fær bladet gratis)*

TING *EG* OG LES UM: *grunnlaget for målreisingi, organisasjonsstoff, nasjonale spursmål i andre land, målbruk og normaltalemål, friske ordskifte, og mykje meir for målinteresserte!*

JA, eg vil tinga EG

Namn:

Adresse:

Poststad:

Send åt: Norsk Målungdom, Nordahl Bruns gate 22, 0165 Oslo, tlf: 22 36 40 43, Faks: 22 36 40 68

Folkerøysting og kabinettspursmål

Det finst nokre, og kanskje mange, som meiner at folkerøysing bør verta eit lovfast vedtakssteg, det høgste, for viktuge politiske avgjerder. Dei set ofte Sveits upp til rettleidande fyredøme. Me skal ikkje dryfta dette, men nokre gonger hev folkerøysting vunne hevd i Noreg i avgjerdsspursmål. Millom anna dei gongane unionstilknyting hev vore framme. Endå um *folkerøystingi* i 1814 var primitiv og ikkje stettar grunnleggjande vilkår for folkerøysting i dag. Ja, folkemeiningi i 1814 treng me likevel ikkje tvila på.

I 1905 avgjorde folket at Noreg skulde avlysa unionen med Sverike. Den folkerøystingi var meir mynstergild. Um den folkerøystingi skriv den rettslærde Nikolaus Gjelsvik i *Det fredlyste grensebeltet* i 1907:

Dei norske riksmageterne skreiv då ut ei folkerøysting den 13. august 1905. Og etter utfallet av den kunde det ikkje vera tvil um kva det norske folket meinte. Ein kann òg minnast: Ministeriet Michelsen gjorde ikkje kabinettspursmål på å få fleirtalet av folket til å godkjenna unionsuppløysingi. Hadde riksstyret gjort eit slikt kabinettspursmål, kunde svenskarne ha sagt: Det var ikkje den slags folkemeining me vilde høyra; me vilde få vita, korleis folkemeiningi var, når ho var fri og utan det trykk, som fylgjer med eit kabinettsspursmål.

I dei andre land vilde dei ha gjeve svenskarne medhald her.

Årsmøtet i Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag

Vestmannen minner um det sams årsmøtet i Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag laurdag 21. oktober kl. 11 i Gimle, Kong Oscarsgate 15, Bjørgvin.

Møtetalar vert Gunnar Binningsbø som tek fyre seg Olaus Fjørtoft og målsynet hans. Og det vert vonleg viktuge dryftingar - um arbeidsplanar og økonomisk upplegg for tidi frametter.

Kyrkjemålssiger i Tysvær

I Tysvær i Rogaland er det kome ny arbeidskyrkja i Aksdal. Her hev det vore røysting um liturgimålet, og det vart nynorsk. Her var tvo røysingar, og i den endelege røystingi vilde 50 ha nynorsk og 32 "delt liturgi". I valkrinsen er det innflytting frå Haugesund; her er tvo bokmålsskular og ein målskule. Styringsmålet i heradet er nynorsk.

Garm d. y.:

Sopa for eigi dør

Når du grev igjenom gamle avisklypp, til dømes med ein uklår trong til å få orden og system i urydet, so endar du gjerne i ettertanke yver ein gulnande og gløymd avisbete som stoggar rydjetrongen for denne gongen. Slik kom me til å lesa um att eit lite uppslag i ein aldrande Sunnmørspost, som med rette rakka ned på oljeingeniørar, data-programmerarar, video-, snowboard- og hangglider-handlarar og andre av same ulli som vandar gode norske folkelege ord og tek i bruk utanlandske framandelement. Som langt ifrå alle skynar. Skuleverket hev ein rundeleg part av skuldi, segjer avisskrivaren. Atter med rette.

Kor mange timar, spør han, brukar ikkje matematikklæraren på å venja av borni med å leggja saman og trekkja ifrå, gonga og dela. Elevane må leggja seg til kvasilatin - addera, subtrahera, multiplisera og dividera. Fysikklæraren må få borni til å kvitta seg med surstoff og nøre og kvelstoff og kvæve og vasstoff og meir slikt. Nei, no skal dei pugga oksygen, nitrogen, hydrogen og dilikt. Då vert dei so mykje klokare. Trur dei. Er dette god bruk av tid og krefter?

Norsklærarane - um slike finst att, dei heiter norsklektorar og norskadjunktar no snart, dei som ikkje er rektorar - refsar alle andre og vil ha fleire timar i morsmål. Og det trengst sanneleg. Men -. Me lærde ein gong lettskynlege ord som notid og fortid og sernamn og samnamn og eintal og fleirtal. Men no skal det på liv og daude heita presens, preteritum (imperfektum er vanda og vraka), proprium, appellativ, singularis, pluralis.

Me hugsar dei store norskmålskunnande - Marius Hægstad, Torleiv Hannaas, Gustav Indrebø og mange andre. Dei la æra i å bruka nett norske ord i norsk mållæra. Slik dei legg vinn på å bruka islendske ord på Island, og, merk dykk dét, danske ord i Danmark. Ein mann som Eivind Vågslid, han sette snaudt anna enn norske ord på prent, i alle høve og hopeheng.

Det var fyrr sume av dagsens lingvistar og filologar kom dét. Slike som skriv eit mål berre spesialistar skynar, og knapt dei. Samstundes segjer dei, sume, at no treng me hjelpe oss eit lett og kvardagsnært nynorsk skriftmål! Ei gamal og uppterpa sak dette. Diverre. Dårskapen vert ikkje mindre um han er ikledd framandord. Sop for eigi dør fyrr du spelar læremeister åt andre. Det var moralen i det gulnande avisklyppet, alltid like tiltrengd her i Noreg.

Nye bøker 1995

Jostein Krokvik: **Norskrøtt skriftmåls store fall**. Grundig utgreiding um det nynorske atterslaget i etterkrigstidi. Solid dokumentasjon og stor polemisk kraft. Hefta kr 130,-.

Halldor O. Opedal: **Hardingar på sjøen. Ferdsla i fjordane og langs kysten**. Ei av dei mest umtykte bøkene til Opedal. Kom i 1958, no i nyprent. Etterspurd lenge. Kr 290,-.

Ivar Aasen: **Målsamlingar frå Bergens stift** ved Jarle Bondevik, Oddvar Nes, Terje Aarset. Aasen-manuskript um målet i Sogn, Nordhordland, Voss, Hardanger og Sunnhordland. Med upplysande tillegg og ei ordbok. Ei samling med lesarappell. Kr. 230,-.

Severin Eskeland: **Framandordbok**. Fyrste og einaste nynorske framandordboki skreiv Eskeland i 1919. No i fotografisk utgåva. Ynskjebok for alle målfolk! 75 sidor. I band kr 115,-.

* * *

Eldre ***Halldor O. Opedal bøker til*** *rimeleg pris:*

Turistferdsla i Hardanger før bilen kom. Med sersynte foto. 136 sidor. 1980. I band kr 84,-

I skuggen av Hardangerjøkulen. Simadalen og Sysendalen. Sersynte foto. 191 sidor. 1981.I band kr 96,-

Makter og menneske XII. Folkeminne ifrå Hardanger. 198 sidor. 1984. Hefta kr 100,-

Makter og menneske XIII. Folkeminne ifrå Hardanger. 172 sidor. 1985. Hefta kr 100,-

Makter og menneske XIV. Folkeminne ifrå Hardanger. 189 sidor. 1985. Hefta kr 100,-

Makter og menneske XV. Folkeminne ifrå Hardanger. 212 sidor. 1986. Hefta kr 140,-

Makter og menneske XVI. Folkeminne ifrå Hardanger. 174 sidor. 1987. Hefta kr 130,-

Makter og menneske XVII. Folkeminne ifrå Hardanger. 176 sidor. 1988. Hefta kr 130,-

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684
5001 Bergen
Telefon 55 31 66 29 Faks: 55 32 03 56
Postgiro 0809 3918844

LARS BJARNE MARØY
ELIASMARKEN 14
5034 Y. LAKSEVÅG

RETURTILSKRIFT:
Vestmannen
6143 Fiskåbygd

ISSN 0800-8647

Norsk Målungdom skipar driftsfond

Stortenkte planar millom målungdomen

I nr. 4/1995 av målungdomsbladet EG ser me at Norsk Målungdom nyleg hev skipa eit driftsfond for samskipnaden. Skipingsdatoen er 25. juni 1995.

Det er tanken at avkastingi med tidi skal gå til Norsk Målungdom, og det er eit ynskjemål at samskipnaden på lang sikt skal frigjera seg frå stat og statstilskot, og tryggja arbeidet for norsk målreising med eigne midlar. Eit stort, ageleg og fortenestfullt siktemål.

Me merkar oss at upplegget synest vera vel gjenomtenkt. Fyrste upptak til grunnstol i fondet er skipa og skal utvidast av målgåvor gjevne åt fondet. Dei fyrste ti åri skal inkje av avkastingi etlast ut, men leggjast til grunnstolen. I dei ti åri som fylgjer deretter kann upptil 50% av avkastingi etlast ut. Frå året 2015 kan heile avkastingi gå til Norsk Målungdom.

Driftsfondet kan låna ut upptil 3/4 av grunnstolen til Norsk Målungdom. På eit slikt lån skal det leggjast same renta til fondet som fondet hadde fenge ved onnor plassering. Dette tykkjest kanskje i våre augo å *kunna* verta eit veikt punkt i vedtektene, men det treng ikkje um å verta det. Elles er det sagt i vedtektene at grunnstolen skal plasserast trygt, men på ein måte som samstundes gjev god avkasting. Ein slik regel gjeld so vidt me veit for alle fond og legat; vansken er å få det til å klaffa i alle tilfelle. Ein viss vågnad lyt nok takast, og sume hev brent seg syrgjeleg, utan at dei nett treng ha stelt seg tankelaust eller vyrdlaust. Men det er ein vågnad som me ikkje kjem burt ifrå med vårt økonomiske system.

Fondsstyret er på tri personar, valde for tri år um gongen på landsmøtet i Norsk Målungdom. Fondsstyret skal kvart år leggja fram rekneskap på landsmøtet. Fondet hev eigen konto nr. 8101.12.64352 i Fokus Bank, Oslo. Dit kann gåvor sendast. Og bankgirokort kann tingast frå Norsk Målungdom, Nordahl Brunsgt. 22, 0165 Oslo

Noregs Mållag tek farvel med samnorsk

I siste nummer av EG stend denne meldingi:

På landsmøtet [i Noregs Mållag] fekk NMU endeleg (etter 5. freistnaden) igjennom ei fråsegn som tek oppgjer med paragrafen i lov om Norsk språkråd. I dag står det at Norsk språkråd skal stø opp under tendensar som på sikt fører dei to skriftmåla nærare saman. Noregs Mållag krev no at denne lekken skal verta stroken.

Vestmanna-marknad

Jon Norstog-bøker

Eg ynskjer kjøpa bøker av norsk-amestog.
Arne Sunde, Neslia 73, 5470 Rosendal
Tlf. 53 48 13 95

Sluttordet

Målet må verta ein brorskap som kan tola ulikskapane millom menneski.

Aslaug Høydal

Lån og innskot?

SPØR OSS!
Kreditkassen gir deg ein total gjennomgang av din økonomi. Lån og innskot er vikgtige delar av familieøkonomien.

Våre løysingar er tilpassa din familiesituasjon

KREDITKASSEN
Distriktsbank Hordaland
Allehelgens gt. 2, 5016 Bergen - Telefon 55 21 86 00